

Vaksdal Kommune

Konsul Jebsens gate 16

5722 Dalekvam

20.03.2023

Ronny Lilletvedt

Skulegata 6

5722 Dalekvam

KLAGE PÅ VEDTAK 22/1062, I INSTE KALLANDSVIKA

Vil med dette å klage på vedtak 22/1062, vedrørende pålegg av retting og tvangsmulkt,

Grunneigar er ikkje einig med kommunen i dei vurderingane som er gjort i vedtaket. Fyrst og fremst er eg særst ueining i måten sakshandsaminga blir gjort, då det etter mitt syn ikkje er eitt tiltak men heller to tiltak utan anna samanheng enn at det geografisk er i tilknytting til kvarandre.

Eg vil byrja med å visa til kommunen si synfaring, gjort 14.05.2020, med grunneigar og representantar frå samtlege relevante fagområde frå kommunen til stades. Blant dei møtte på synfaringa var både landbruksrådgjevar, rådgjevar kart- og oppmåling samt kommunen sin eigen representant frå byggesak. Sistnemnde var spesielt etterspurt av meg som tiltakshavar, ettersom det måtte kome fram av synfaringa kva kommunen meinte var ulovlege tiltak med direkte forankring i PBL el. Referatet frå møtet viser at ingen av dei framøtte faginstansane frå kommunen fann noko ulovlege tiltak på området. Samtlege av dei møtte blei framvist dei gamle kai-fundamenta samt ulikt utstyr nytta til sandtaket som var her tidlegare. Dei var ute på kaien samt nede i fjæra og såg på opprettinga som var gjort av den gamle laste-kaien sandbåtane nytta. Både kommunen sjølv og tiltakshavar hadde medbrakt kartverk frå tidlegare år, samt flyfoto frå området. Området var meir tilgrodd på tida flyfotoet frå kommunen var teken, så kommunen sjølv skulle gjere ei kvalitetssikring før referat og endeleg konklusjon frå synfaringa blei gjeven.

Etter synfaringa blei det utsendt referat som tydeleg seier at ingen av dei framøtte faginstansane frå kommunen fann noko ulovlege tiltak på området i dette høve. Det var ingen av tiltaka som synast å være i strid med noko lovverk, ei heller av slik utforming at det skulle være søknadspiktig. Etter denne grundige synfaringa var eg som grunneigar og tiltakshavar nøgd med å sleppe å leve i ei usikkerhet, slik det var før synfaringa. Eg finn det difor svært beklageleg at kommunen på nytt måtte ta ein ny runde i området over 2år etter første synfaringa etter klager frå hyttelaget, denne gongen utan at eg som grunneigar fekk delteke. I ettertid ser eg frå sakshandsaminga at bileta tatt frå

opprustinga og anna dokumentasjon blir heilt tilsidesatt, då kommunen kun vel å nytta dokumentasjon som kan syne at dette er gjort i strid med lova. Eg er også forundra over at kommunen vel å undergrava sine eigne faglege rådgjevarar. Bakgrunnen for ny synfaring var aleine at nokre andre hytteeigarar i området ikkje var samd med kommunen. Synfaringa var grundig, fagleg og godt underbygd med dokumentasjon. Ein hadde ikkje flyfoto frå 2022 på det aktuelle tidspunkt, men det blei gjort oppmåling med målband for å verifisere mål på eldre kart kontra nyare kart og området slik det fremstod då.

Når det gjeld restaureringa av kaien i området, er det nettopp det det er, ei restaurering. Det nord-austlege hjørna av kaien, som bestod av pæla natur-gran, vart vekkriven av is for fleire år sidan. Det ligg kraftig is kvar vinter, særleg tøft er det for kaianlegga når is-flaka slepp og blir pressa mot land av vinden. Att stod berre ein-meter høge pålar, og fyllmassen låg utanfor på sandstranda. Blant massen var gamle jernbane-skiner, gamle "sand-vaggar", hjul, båter og anna skrap som var brukt som fyllmasse då kaien sist blei restaurert under drift av sandtaket.

Då eg overtok gardsbruket starta eg arbeide med kaien fyrst. Fyrst og fremst for kaien var i særskildt dårleg forfatning og for å hindra meir utrasing. Det kan heilt klart dokumentarast på staden at kaien ikkje er av større utstrekning enn den var tidlegare. Retterleg er det satt opp fleire pålar med gran i breidda av kaien, dette for å sikra motstand mot isen frå Eidsfjorden. Dei gamle kai-hjørna står framleis synlege ved sida av dei nye som er satt opp, den fyllmassen som er nytta er no er overskotsstein frå den gamle sandtaket. Skrotet er rydda vekk og levert til gjenvinning, slik at området kan nyttast av alle.

Eg er godt kjend med at oppføring av nye brygger, riving, endring og vesentlege reparasjon er søknadspliktig etter pbl. § 20-1. Normal praksis i dei fleste kommunar(eks. Sande-kommune) med mykje kystlinje er at restaurasjon som ikkje overstig 50% av den totale bryggja, reknast som ikkje søknadspliktig. Som tiltakshavar anslår eg at ca. 40% av den totale bryggja i dette tilfellet er restaurert, medrekna både masse og pålar.

Eg finn at verklegheita i denne saka står i sterk kontrast til Vaksdal kommune sitt syn på tiltaket, som etter ressursbruk å rekna synast å være som nybygg å ansjå. Etter vedtaket frå kommunen må eg også rive eksisterande delar av den gamle sandfart-kaien, når kommunen feilaktig legg middelvasstand til grunn for kaien sin utstrekning. Det er ingen tvil om at kaien ikkje kunne stått ved middelvasstand, då det i området er svært langgrunt med sandbotn, kaien har sjølvstekt sikra djup nok til at sandbåtane kunne lasta sikkert. Kommunen tar ingen hensyn til at kaien i opprinneleg stand er som eit kulturminne å rekna med hensyn til sandfrakta som har vært i Indre Ostefjord og fjordane rundt. Sandfarten i området har over 100 års historie, og området ved innte Kallandsvika er heilt klart ein del av dette.

Når det gjeld terrengendring og utfylling som eige tiltak utanom kaien, er dette gjort som avbøtande tiltak i området. Som nemnd tidlegare er området særskilt utsatt for is frå Eidsfjorden, samt for utvaskingar gjort i ein periode med cruise-virksomheit mot Hesjedalsfossen. Beitemarka som ligg i direkte tilknytting til strandsona tok stor skade av dette, og i samband med restaurering av kaien i området blir noko av området "plastra" med noko større stein for å motvirke utvasking av strandsona og utrasing av beitemarka over. Gamalt skrot frå sandtaket låg også i strandsona her, blant anna ein stor sorterings-grind nytta til vekksortering av større stein frå sanden før den vart lasta. Dette blei sjølvstekt rydda saman med anna skrot då området blei plastra. Eg meiner

kommunen overdriv tiltakets omfavning i vedtaket. Plastringa krev sjølvsagt noko areal men er gjort på eit svært begrensa område, kun der det var høgst nødvendig for å hindra ytterlegare skade. Plastringa har ikkje endra strukturen, samansetning eller tilgang til strandsona. Det er heller heilt motsett, tiltaket har sikra tilkomst og sikra trygg utnytting av området og strandsona.

Eg ber kommunen omgjere vedtaket med bakgrunn i tidlegare innsendt dokumentasjon på bakgrunn av omfanget av tiltaket samt at det alt i alt har gjeve betre og tryggare tilgang til strandsona. Området blei omregulert i nyare tid til småbåthavn. I tillegg var området som nemnd gjenstand for grundig synfaring frå kommunen, det kan ikkje være slik at om ein endrar samansetninga av dei involverte i ei synfaring, får ein to vidt forskjellige utfall, som eine og aleine går utover grunneigar og tiltakshavar. Garden er i full drift og treng gode beite.

Mvh

Ronny Lilletvedt

Grunneigar 41/1